



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Haram kommune
Storgata 19
6270 BRATTVÅG

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|--------------------|----------------------------|------------|
| | | 20474/2015/G40/&58 | Morten Larsen, 71 25 87 74 | 27.03.2015 |

Distriktstannklinikken Brattvåg - mellombels opphør av drifta ved klinikken frå 15. april 2015

Fylkestannlegen har tatt avgjerd om at drifta ved distriktstannklinikken i Brattvåg mellombels skal opphøre med verknad frå 15. april 2015 og inntil klinikklokala er rehabilitert.

Bakgrunnen er Arbeidstilsynet sitt tilsyn ved klinikken den 5.2.2015, og etterfølgjande tilsynsrapport og varsel om pålegg.

Som ledd i oppfølginga av tilsynet har fylkeskommunen sin byggje- og vedlikehaldsseksjon gjennomført synfaring/kartlegging 03.03.2015. Synfaringa avdekkjer at klinikklokala er nedslite og at det er funksjonssvikt i delar av dei tekniske installasjonane. Ei samla vurdering av tilstanden tilseier behov for omfattande oppgradering. Som kjent ønskjer fylkestannlegen også ei vurdering av alternative klinikklokale.

Vår eigen risikovurdering tilseier at mellombels stenging av klinikken, med overføring av arbeidstakarane til andre distriktstannklinikkar, er det einaste tiltaket som tek tilstrekkeleg omsyn til arbeidstakarane si helse.

Vi legg ved referat frå synfaringa, dat. 16.03.2015, samt servicerapport knytt til ventilasjonsanlegget, utarbeidd av Nordvest Miljø, datert 21.11.2014. Vårt tilsvar til Arbeidstilsynet, datert 27.03.2015, er også vedlagt.

Vi vil sørge for at pasientane ikkje blir skadelidne ved at vi tilbyr tannbehandling ved nærliggande distriktstannklinikkar. Den mellombelse stenginga av klinikken og det endra tannhelsetilbodet stenginga inneber, vil bli annonsert i lokalpressa og på våre nettsider i veke 15.

Med helsing

Anthony Normann Valen
fylkestannlege

Morten Larsen
administrasjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Byggje- og vedlikehaldsseksjonen, her
Overtannlege Tone Nord, NSSR
Klinikkleiar Claudius Zesing, DTK Brattvåg